

# Sunnfjord Miljøverk IKS

---

## Selskapsavtale

Gjeldande frå 1.1.2020

Sist endra 28.4.2023

Selskapsavtalen er gjeldande frå 1.1.2020.

Selskapsavtalen er vedtatt av kommunane:

Kommune	Vedtaksdato og -nummer
Askvoll	11.12.2019; kom 099/19
Fjaler	16.12.2019; kom 177/19
Hyllestad	06.1.2020; For 20/006 11.6.2020; For 20/046.3
Sunnfjord	11.12.2019; kom 055/19 25.5.2020; ref. 19/50-7

Revidert av representantskapet

Endringsnummer	Dato	Avsnitt	Omtale av endring
1	28.4.2023	§7	Tillegg for val av klagenemd
		§13	<ul style="list-style-type: none"><li>• Endring av kven som vel klagenemd</li><li>• Reglement for klagenemd lagt til – må vedtakast i eiga sak</li><li>• Samansetning og føringar tatt ut, går fram av reglement.</li></ul>

## **§ 1 Selskapet sitt namn og målform**

Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr 6. (IKS-lova). Selskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt registrert i Føretaksregisteret. Selskapet si målform er nynorsk.

## **§ 2 Deltakarar**

Selskapet er eigd av kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord.

## **§ 3 Hovudkontor**

Selskapet skal ha hovudkontor i Sunnfjord kommune.

#### **§ 4 Selskapet sitt føremål**

Selskapet skal utføre offentlege tenester for sine eigarkommunar heimla i ureiningslova §§ 26, 29, 30 og 31 og avfallsforskrifta §§ 1-7, 11-10 og 14-3 samt samle inn og behandle avfall frå kommunale verksemdar.

Selskapet skal stå for all tenesteproduksjon som er naudsynt for å levere tenester innan renovasjon, og for tømning av slamavskiljarar for eigarkommunane og deira innbyggjarar.

Selskapet skal bygge og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidareending av alle avfallstypar. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg.

Selskapet skal hjelpe eigarkommunane med avfallsfagleg kompetanse.

Selskapet skal informere abonnentar og eigarkommunar om selskapet sine ordningar og drive aktivt informasjonsarbeid om miljøvennleg avfallshandtering.

Selskapet kan selje tenester innanfor konkurranseregelverkets rammer og praksis.

#### **§ 5 Selskapet sine oppgåver og mynde**

##### Mynde

Selskapet er med heimel i anskaffingsforskrifta § 2-3 tildelt einerett til å samle inn avløpslam og avfall frå hushaldingar på vegne av eigarkommunane. Selskapet skal oppfylle alle krav til innsamling, sortering, materialgjenvinning mv. som blir stilt til eigarkommunane i ureiningslova § 29 tredje ledd og § 30 med underliggende forskrifter som gjeld lovpålagde tenester for hushald.

Selskapet er vidare, med heimel i anskaffingsforskrifta § 2-3, tildelt einerett til innsamling mottak og behandling av slam, og innsamling, sortering og behandling av avfall frå eigarkommunane og kommunale verksemdar/institusjonar.

Selskapet har rett til å delegere einerettane til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffingsforskrifta § 1-2 (2).

Dei nemnde einerettane er tildelt ved følgjande vedtak:

***Hushaldingsavfall og kloakkslam***

Kommune Saksnummer Dato

Askvoll For -140/19 27.8.2019

Fjaler For-061/19 26.8.2019

Gaular For 121/19 22.8.2019

Hyllestad For-19/069 27.8.2019

Jølster For-067/19 29.8.2019

Naustdal For-19/067 22.8.2019

Førde For-043/19 29.8.2019

***Tømming av slam***

Kommune Saksnummer Dato:

Askvoll 043/19 18.9.2019

Fjaler 105/19 30.9.19

Gaular 062/19 26.9.2019

Hyllestad 19/107 31.10.2019

Jølster 065/19 26.9.2019

Naustdal 19/051 26.9.19

Førde 054/19 26.9.1

### ***Kommunalt avfall og slam***

Kommune Saksnummer Dato

Askvoll 042/19 18.9.2019

Fjaler 106/19 30.9.2019

Gaular 061/19 26.9.2019

Hyllestad 19/108 31.10.2019

Jølster 064/19 26.9.2019

Naustdal 19/050 26.9.2019

Førde 053/19 26.9.2019

### **Oppgåver**

Selskapet skal utføre oppgåver som følgjer av dei nemnde einerettane, mellom anna:

- Innsamling, behandling og transport av alle avfallstypar frå hushald og eigarkommunane.
- Innsamling, transport og behandling av slam frå slamavskiljarar, privet m.v.
- Innsamling, transport og behandling av slam frå kommunale reinseanlegg.
- Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
- Selskapet står for all informasjon til abonnentar når det gjeld avfallshandtering og tømning av slamavskiljarar.

Selskapet skal også utføre andre oppgåver i tilknytning til innsamling og behandling av avfall, mellom anna:

- Innsamling, behandling og transport av alle avfallstypar frå næringsverksemdar.

- Selskapet kan delta i, eller opprette, sjølvstendige selskap som skal ivareta oppgåver som har samanheng med drifta.
- Selskapet skal gje pålegg i spørsmål som gjeld renovasjon.
- Selskapet skal leggje særleg vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsinnsamlinga og -behandlinga, oppmode om reduksjon av avfallsmengde og etablere ordningar som oppmodar til sortering og materialgjenvinning.
- Selskapet skal ha fokus på utsleppsøytral drift.
- Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

### **§ 6 Selskapet si leing**

SUM blir leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar. Representantskapet er selskapet sitt øvste organ.

### **§ 7 Valnemnd**

Representantskapet vel på konstituerande møte ei valnemnd med to medlemmar og to varamedlem frå representantskapet.

Valnemnda skal føreslå medlemmar og varamedlem til styret etter innspel frå eigarkommunane, samt innstille leiar og nestleiar til styret.

Valnemnda skal føreslå medlemme og varamedlem til klagenemnda.

Representantskapet utarbeidar om naudsynt retningsliner for valnemnda sitt arbeid.

### **§ 8 Representantskapet**

Medlemskommunane utøver sitt mynde i selskapet gjennom representantskapet.

Representantskapet skal ha minst to møter kvart år.

#### **§ 8.1 Medlemmar**

Representantskapet skal ha 4 medlemmar frå Sunnfjord kommune, 1 medlem frå Askvoll kommune, 1 medlem frå Fjaler kommune og 1 medlem frå Hyllestad kommune. Alle medlemmane har personlege varamedlemer. Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet. Medlemmar i representantskapet blir valde for ein periode på fire år.

### § 8.2 Oppgåver og mynde

Representantskapet skal sjå til at selskapet blir drive etter føremålet og i samsvar med selskapsavtalen, lover og forskrifter.

Sakshandsaming i representantskapsmøter og innkalling til representantskapsmøter skal skje i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap.

Representantskapet fastsett godtgjering til styret.

Representantskapet vel leiar og nestleiar til styret.

## § 9 Styret

### § 9.1 Styresamansetjing

Styret skal ha 5 medlemmer og 3 nummererte varamedlem.

Styremedlemmane blir vald for 2 år av gongen. Ved val av styret i 2020 skal 2 av styremedlemmane veljast for 1. år.

Dagleg leiar i selskapet, personar som har arbeidsforhold, verv eller eigarforhold i selskap SUM er i konkurranse med eller kjøper tenester av, kan heller ikkje vere medlem i styret.

Ved val av styremedlem og varamedlem skal det takast omsyn til

- personlege kvalifikasjonar
- kontinuitet i styrearbeidet
- geografisk fordeling i SUM sitt dekningsområde

### § 9.2 Oppgåver og mynde

Styret er underlagt representantskapet og følger vedtak og retningslinjer som representantskapet fastset. Styret har ansvar for at selskapet blir drifta i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, lover og forskrifter.

Sakshandsaming i styret og innkalling til styremøte skal skje i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap.

## § 10 Finansiering og økonomi

Selskapet hadde ved stiftinga av Sunnfjord Miljøverk i 1993 ein interessekapital på kr 100.000, som vart fullt ut innbetalt av kommunane i høve folketalet pr. 1.1.1992.

*Det gjev følgjande eigarfordeling:*

*Tabell 1: Eigarfordeling.*

Kommune	Eigardel
Askvoll	12,19 %
Fjaler	10,77 %
Hyllestad	5,65 %
Sunnfjord	71,39 %

Kapital til planlegging, utbygging og kjøp av utstyr vert skaffa ved kontanttilskot frå medlemskommunane, låneopptak og statstilskot. Selskapet sin eigedom kan pantsetjast ved låneopptak. Medlemskommunane er ansvarlege for selskapet sine plikter i samsvar med innskoten kapital fordelt etter eigarbrøk. Sunnfjord Miljøverk IKS kan ta opp lån innanfor ei ramme på kr 50 000 000, jf. lov om interkommunale selskap § 22.

Dei årlege utgiftene for selskapet skal dekkjast av gebyr for dei ulike tenestene. Sjølvkost skal ligge til grunn for dei lovpålagde tenestene.

Rekneskap skal førast etter rekneskapslova.

Selskapet fakturerer for dei tenestene dei leverer. Selskapet skal også krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtømming frå dei abonnentane som går inn i den lovpålagte innsamlingsordninga for desse avfallstypene. Selskapet fører register over alle abonnentar og kva gebyr dei skal betale. Selskapet fakturerer eigarkommunane og næringsaktørar for avfallstenester.

Avfall som blir levert direkte til selskapet av privatpersonar, verksemdar, institusjonar osv., vert betalt direkte til selskapet av leverandørane i høve til vekt eller volum.

Betalingsattsar blir fastsette av styret, eventuelt av dagleg leiar etter styrets fullmakt.

Renovasjonsgebyr og gebyr for slamtømming blir fastlagde av kommunane i samsvar med gjeldande lovverk for lovpålagde tenester.



## **§ 11 Nye medlemskommunar**

Vedtak om opptak av nye medlemskommunar kan gjerast av representantskapet med 2/3 fleirtal.

Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av siste rekneskap, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

## **§ 12 Oppseiing av medlemskap**

Ein kommune kan med eitt års varsel seie opp medlemskapet i selskapet og krevje seg utløyst frå dette i samsvar med lov om interkommunale selskap.

## **§ 13 Klagenemd**

Representantskapet skal oppretta eit særskild klagenemd for endeleg handsaming av klager i saker der verksemda treffer enkeltvedtak jf. Forvaltningslova §2. Klagenmda blir oppretta med heimel i Forvaltningslova §28. Vedtak i klagenemda er endeleg og kan ikkje klagast vidare.

Klagenemda handsamar klager på enkeltvedtak vedkommande renovasjon og slamtømming.

Representantskapet vel klagenemd etter innstilling frå valnemda. Klagenemnda består av 3 – tre – faste medlem, med eit nummerert varamedlem.

Klagenemda utfører sitt arbeid i samsvar med *Reglement for særskild klagenemd i Sunnfjord Miljøverk i IKS* vedteke av representantskapet 28.4.2023.

## **§ 14 Endringar i selskapsavtalen**

Alle endringar i selskapsavtalen skal skje i samsvar med lov om interkommunale selskap.

## **§ 15 Tvist**

Tvist om tolking av selskapsavtalen blir avgjort med skilddom etter reglane i tvistelova.